



OSTERØY KOMMUNE

Plan

Vår referanse:

Dato: 30.03.2017

REFERAT UNDERVEGSMØTE :

TILSTADES

Frå kommunen	
Plan	Laura Ve Siren S. Juliussen
Andre etatar	
Konsulent	
Multiconsult	Lise Marie Laskemoen Kjetil Tepstad
Tiltakshavar	
Ikkje til stades	

MATERIALE GJENNOMGÅTT I MØTE:

1. merknadar til oppstart samt relasjon til oppstartsreferat
2. plankart
3. føresegn
4. planskildring
5. anna materiale vil bli gjennomgått ved innsending av nytt utkast til plan

TEMAVIS GJENNOMGANG AV INNSENDET MATERIALE : GENERELT

	Kva	Merknad	kommentar ved ny innlevering-konsulent
1	Avvik plangrense v oppstart 2 og innsendt forslag	Kvifor?	Fylkesveg 362 er regulert i tråd med vegnormalen N100 med standard tilsvarande ein Sa3-veg forbi planområdet. Avkøyrse mot kommunal veg, Vevlevegen, er ikkje tatt med då denne ikkje vert påverka av planforslaget.m
2	Volum	Innsendt framlegg manglar informasjon om : <ul style="list-style-type: none"> • totalt uttaksvolum, nedre kote, og volum på tilbakeføringsmassar • vurdering av kva som vil vere naudsynt kartlegging av terreng i høve til berekning av massar ut og inn. • OBS! feil på innsendt sosifil m terrengdata. Har ikkje fått sett på denne. – inneheldt den terrengdata? Sjå merknad frå oppstart som gjeld krav om kartlegging 	<ul style="list-style-type: none"> • Uttaksvolum, nedre kote og volum på tilbakeføringsmassar er skildra i kapittel 7.3.1. • Vi har rekna massar ut frå gjeldande kartgrunnlag som er korrigert ut frå innmålingar frå 2016. • Osterøy kommune har fått oversendt innmåling av masseuttaket si avgrensing per juni 2016. Avgrensingslinja er sendt som SOSI-fil.
3	Merknad til vegvesenet ved oppstart og krav til dokumentasjon til veg, samt avklaring av løysing veg før handsaming.	Ikkje innsendt vegteikningar. Ikkje dokumentert at det er sett av nok areal i plankart i tråd med vegnormal. Avvik frå merknad/vegnorm må grunngjevast og avklaringar med SVV må dokumenterast og sendast kommunen.	Avkøyrse er akseptert av Statens vegvesen i e-post 30.10.2017. E-posten ligg vedlagt planframlegget. Fylkesveg 362 er regulert i tråd med vegnormalen N100 med standard tilsvarande ein Sa3-veg forbi planområdet. Dette er gjort etter krav frå Statens vegvesen i e-post datert 14.02.2018. E-posten ligg vedlagt planframlegget.
4	Omsyn til barn og unge	Ivareteke? Jf. Merknad til oppstart v Fylkesmannen <ul style="list-style-type: none"> • Barnetråkk for området? • Verknadar? • Nytt bustadområde, luftforureining og støy? • Kvar er skildra badeplass? Ikkje synt i kart/foto kvar dette er, kun skildra • Avklaring skuleveg? Jf oppstartsmøtet • Verknadene og omsynet til Barn og unge i høve badeplass og friluftsliv er ikkje godt nok skildra/ivareteke. Sjølv om planområdet ikkje direkte grensar til Borgovatnet kan støy/støv og trafikk frå 	<ul style="list-style-type: none"> • Barnetråkk frå KPA er skildra i kapittel 6.4. Verknader for barn og unge er skildra i kapittel 8.9. • Verknader for det nye bustadområdet er skildra i kapittel 8.9 • Nytt bustadområde på Stuttåsen vert ikkje påverka av støy, jf. støyrapport. • Badeplassen er omtalt med kart og flyfoto i kapittel 6.4. • Nærmaste skule er ca 5 km frå planområdet og Vevlevegen og Revheimsvegen vert difor ikkje nytta som skuleveg. Elevar har krav på skuleskyss ved over 4 km til skulen. • Verknader for badeplass og friluftsliv er omtalt i kapittel 8.9. <p>Støyrapport viser at badeplassane ikkje vert råka av støy frå planområdet. Trafikk frå planområdet er rekna til å normalt vere 10</p>

		uttaket påvirke friluftsopplevinga der.	lastebilar per virkedag. Det er i konsesjonen stilt krav til tiltak for å avgrense støvulemper.
5	Andre tema som skal omtalast jf. Merknad Fylkesmannen	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko- sårbarhet • Klima • Folkehelse • Støy • Luftforureining • Naturmangfald • Verna vassdrag • Medverknad – særleg barn og unge 	<ul style="list-style-type: none"> • ROS-analyse er omtalt i kapittel 9 av planskildringa og vedlagt planforslaget. • Klima er omtalt i kapittel 6.15 og 8.14. • Folkehelse er omtalt i kapittel 8.11. • Støy er omtalt i kapittel 6.10 og 8.8. • Luftforureining er omtalt i kapittel 6.10 og 8.8. • Naturmangfald og verna vassdrag er omtalt i kapittel 6.6, og 8.6-8.8 • Barnetråkk frå KPA er omtalt i planforslaget. Sjå kap. 6.4, 6.7 og 8.9
6	Merknad HFK	Innarbeidd informasjon frå KU-notet til planskildring? (jf. Merknad om utgreiing naturmangfald osv)	KU-notatet er innarbeida i kapittel 6.6 og vurdert i kapittel 8.6 og 8.7.
7	Merknad naboar	<ul style="list-style-type: none"> • Sikring • Tidsrom for aktivitet/traffik/ støy/sprenging • Varsel sprenging samt måling – skader på hus/brønnar mm • Støy- og støvmåling • Konsekvensar av luftforureining i form av støv • Framdrift for tilbakeføring 	<p>Kommentert i kapittel 10, merknad 7.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er lagt inn sikringssone i plankartet og krav om etablering av sikringstiltak. • Driftstider er regulert i føresegnene. • Det er lagt inn krav om at naboar skal varslast ved sprenging. Driftsplanen skal innehalde plan for sikring av omgjevnadene. • Det er utarbeidd støyrapport og det er krav om støvnedfallsmålingar. • Det er lagt inn rekkefølgekav om tilbakeføring.
8	<p>VA-rammeplan (må vere i tråd med VA-norm) :</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rammeplan for å kvalitetssikre at løysingane i planforslag er tilstrekkeleg gode. • Kva skal VA-rammeplanen omfatte? <ul style="list-style-type: none"> -Sikre areal til trasear, infiltrasjon, pumpestasjonar. (Plassering av pumpestasjonar, føremål, areal til anna handsaming, 	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje levert • Vassledning ivareteke? • Planframlegg må utformast slik at VA- og overvasshandsaming kan ivaretakast. 	VA-rammeplan er utarbeidd. Vassledning er ivareteke. Det er i føresegnene krav om opparbeiding av sedimentasjonsbasseng.

	osb) <ul style="list-style-type: none"> • Handsaming overvatn: Må vere i tråd med overvannsnorm. 		
9	Tilhøve til overordna føringar	Utgreidd i planskildring <ul style="list-style-type: none"> • Tilstrekkeleg skildra? • Må også ha med rettleiingsmateriale frå tidlegare som gjeld regulering av området, jf brev frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling, fylkeslandbruksutvalet osv. 	Verknader i høve overordna føringar er skildra i kapittel 8.1. Rettleiingsmateriale er nytta i planen. Sjå t.d. føresegn 2.6.4.
10	Fleksibilitet i plan	For ope, behov for avgrensing.	Planen er forsøkt stramma inn. Det er opna for deponering av massar utan krav om stigningshøve 1:4
11	Sikre tilhøva for mjuke trafikkantar	Planen legg til rette for opparbeiding av avkøyrsløse frå FV 362, noko som tryggar mjuke trafikkantar i området. Ingen gang/sykkelveg	Regulering av avkøyrsløse og veg er skildra i kapittel 7.3.2. Verknader for mjuke trafikkantar er skildra i kapittel 8.11. Det er krav om gang- og sykkelveg ved ÅDT over 1000 og dersom strekninga er definert som skuleveg. Strekninga forbi planområdet har ein ÅDT på 250 og vegen er ikkje skuleveg.
12	Landskapsanalyse Jf. § 1.7 i KPA	Ikkje utført. Landskapsvurdering og visualisering/illustrasjon av tilbakeføring av terreng etter driftsfasen skulle vore betre utført.	Kapittel 7.3.1 i planskildringa er oppdatert. Illustrasjon av tilbakeføring av terreng er vist i 3D. Snitta er oppdatert og vedlagt planforslaget. Landskapsplan er utarbeidd og ligg vedlagt planforslaget.
13	Anna	<ul style="list-style-type: none"> • Handtering av omsynssoona for bevaring av naturmiljø burde vore nærare utgreidd. • Lenkje til rettleiar for massehandsaming for HN-region finn de her: http://www.nordhordland.net/fersk-rettlear-om-jordmassehandtering.5913870-348877.html Det kan vere intr. info å nytta i denne i høve til tilbakeføring, samt føresegn kan vise til denne i høve til krav til opparbeiding osv.	<ul style="list-style-type: none"> • Skildra i kapittel 7.5 og innarbeida i føresegn 6.4. • Rettleiaren er nytta i føresegn 2.6.2 og 2.6.3.

PLANKART

		Merknad	Ok / kommentar ved ny innlevering
14	Basis kart	Ikkje tilfredsstillt jf krav om kartlegging i oppstartsmøtet.	Avgrensing av masseuttaket er sendt inn til kommunen jf. Krav om kartlegging i oppstartsmøtet Gjeldande kartgrunnlag frå 2016 er vurdert som tilstrekkeleg for utarbeiding av plankartet.
15	Teiknforklaring		
16	Føremål		
17	Grønnstruktur	GV er ikkje skild i 1 og 2 som omtalt.	Arealformål vegetasjonsskjerm er to formål, GV1 og GV2.
18	Veg – geometri	<ul style="list-style-type: none"> • I tråd meg vegnorma? • Planavgrensing ved innsending planframlegg avviker frå kunngjering 2.gongs oppstart (sjå vedlegg) • Ikkje innsendt teikningar på fylkesveg og avkjørsle • Sjå elles punkt 3. 	<ul style="list-style-type: none"> • Avkjørsle til masseuttaket er utforma i tråd med vegnormalen, handbok N100. Denne løysinga er akseptert av Statens vegvesen i e-post 30.10.2017. • Planavgrensinga er noko mindre i planframlegget enn ved kunngjering. • I e-post datert 14.02.2018 stiller vegvesenet krav til at fylkesvegen regulerast etter vegnormalen forbi planområdet. • Teknisk teikning for avkjørsel er lagt ved planforslaget.
19.	Veg – mjuke trafikkantar	<ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikkantar med gang-, sykkelveg. Er dette skuleveg? 	<p>Fylkesvegen forbi planområdet er regulert i tråd med handbok N100 som ein Sa3-veg. Det er ikkje krav til gang- og sykkelveg på ein veg med ÅDT <1000. Vegen er ikkje skuleveg.</p> <p>Byggegrense er satt 15 meter frå vegmidte og det er stilt krav i føresegnene om at om at det ikkje skal plasserast bygg, masser eller anna som kan hindre sikt i dette området. Samla sett vil dette betre trafikktryggleiken langs fv. 362 samt gi sikrere gangtilkomst til busshaldeplassane langs vegen.</p>
20.	Veg-AVG/AVT	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje avsett anna veggrunn 	Det er satt av anna veggrunn (SVG) i samsvar med vegnormalen i revidert plankart.

21.	Omsynsoner	<ul style="list-style-type: none"> • Sikring av området i driftsfasen • Omsynssone til vassdrag – bevaring naturmiljø H560 må visast • Sikringssone H190 er (truleg) avsett som ei grense/linje i yttergrensa av planområdet – denne skal visast som sone. • Føresegna (6.2) er ikkje utformna bindande. Usikker på forhold til driftsplan. • Sikringa bør gå på innsida (mot uttaket) for vegetasjonsskjermen jf merknad frå DMF (blant anna for å hindre at hjort og vilt blir lokka innanfor området) 	<ul style="list-style-type: none"> • Det er satt av sikringssone H190. Sikring er omtalt i kap. 7.5. Sikra i føresegnene § 6.2 med krav til gjerde og anna sikring ivareteke i driftsplan. • Omsynssone H560 er vist i revidert plankart. • Omsynssone er vist i ytterkant av brotet og i vegetasjonsbeltet anna sikringssone H190 i revidert plankart. • Føresegn 6.2 er bindande i reviderte føresegner. Det er stilt «skal»-krav og det må vere gjennomført sikringstiltak før vidare drift. • Faresone H190 er vist rundt massetaket i revidert plankart og det er stilt krav i føresegnene om sikring slik at menneske og dyr ikkje kjem i fare.
22	Byggegrenser	Avventar vurdering til ny senterlinje veg er fastsett	Byggegrense er satt 15 meter frå fylkesvegen.
23	Avkøyrslar	Manglar dokumentasjon jf uttale frå SVV. (Sjå merknad veg over).	Teknisk vegteikning for avkøyrslar er lagt ved i revidert planforslag.
24	Eigedomsgrense	?	Eigedomsgrenser er vist med raudt i revidert plankart.

FØRESEGN

	Føresegn	Kommentar / endring	Ok / kommentar ved ny innlevering
25	Grønstruktur	<ul style="list-style-type: none"> • Føresegn 5.1.1 er svært uklår. Hensikta med vegetasjonsskjermen som skildra i planomtalen og av DMF vert ikkje dekkja av føresegna. • Føresegn 2.6.2 om tilplanting av buskar og tre ved avslutting av masseuttaket er noko intetsigande. 	<ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje lenger tillate å ta ut massar innanfor vegetasjonsskjermen. • Endra i reviderte føresegner.
26	Murar/Terrenghandsaming	<ul style="list-style-type: none"> • Terrenghandsaming under driftsperioden avklarast i driftsplan? • Illustrasjonane for tilbakeføring av terreng etter drift viser stygge/høge skjæringar. • Terrengforming for tilbakeføring skal avklarast i reguleringsplanen. 	<ul style="list-style-type: none"> • Usikker på kva de meiner med denne kommentaren? • I revidert planforslag er det gjort ei landskapsfagleg vurdering på tilbakeføring til deponi der skjæringane er redusert til eit minimum av det som er mogleg. Tilbakeføring av terreng til

			<p>landbruksareal vil krevje eit terreng med hellingsgrad på minimum 1:4 og vil difor føre til skjeringar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er vist til vedlagte landskapsteikningar i føresegnene.
27	Rekkefølgekrav jfr VA	<p>Tilbakeføring etter driftsfasen: Føresegn 7.5 er uklår. Kva er definisjonen på «ferdig uttak»? Føresegna sikrar ikkje tilbakeføring etter driftsstans.</p>	<p>Føresegn 7.4 er tydelegare formulert i revidert føresegn 2.4.</p>
28	Ureining	<p>Ureining (til vatn):</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avbøtande tiltak mot ureining av vassdraget er ikkje godt nok sikra. • Det er ikkje tilstrekkeleg skildra korleis ureining/avrenning skal hindrast. Det er ikkje føresegner om grøfting, stikkrenner, sedimentasjonsbasseng el lign. • Det er ikkje klårt korleis vegetasjonsskjermen skal fungere som buffer/ hindre avrenning mot Loneelvi (sjå føresegn 5.1.1). • Sedimentasjonsbasseng/lokal vasskjelde (VA) bør kanskje synast i plankartet (sjå planskildring 7.5 s 29). <p>Ureining (til luft – støv):</p> <ul style="list-style-type: none"> • Usikker på om vatning på tørre dagar og føresegn 2.8.2 er tilstrekkelig til å hindre støvproblem 	<ul style="list-style-type: none"> • Det er utarbeida VA-rammeplan for anlegget. Denne ligg vedlagt planforslaget. • Det skal ikkje vere direkte avrenning til vassdrag. Det er stilt krav om sedimentasjonsbasseng innanfor planområdet, jf. § 2.3. Dette er også skildra i planskildringa kap. 7.4. • Krav til vegetasjonsskjermene GV1 og GV2 står i § 5. Desse er ytterlegare skildra i planskildringa kap. 7.3.3. • Plassering av sedimentasjonsbassenget vert synleggjort på kart i VA-rammeplan. • Dette er ei problemstilling som vert ivareteke i konsesjon, og som vil bli vidareført.
29	Uttaksvolum og deponerivolum	<ul style="list-style-type: none"> • Totalt uttaksvolum (sjå merknad frå DMF). Føresegn 3.1 bør sei noko om dette. • Krav til opparbeiding for tilbakeføring til landbruk 	<ul style="list-style-type: none"> • I gjeldande konsesjon er det vist til mogleg uttak per år. I revidert kapittel 7.2.1 er det skildra årleg uttak og mogleg attverande uttaksvolum. Det er lagt inn eit nytt krav om uttaksvolum i samsvar med gjeldande konsesjon, jf. § 3.1.7. • I føresegn 2.6.4 er det stilt krav til terreng som ikkje er brattare enn 1:4 samt krav om innhald i topplaget.

Planskildring

	Eksisterande situasjon		
30.	Landskap	<p>Totalt uttaksvolum (sjå merknad frå DMF)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er angitt at 4/5 av samla ressurs er tatt ut, men det er ikkje angitt samla volum på massane i lokaliteten (før uttak). • det er ikkje angitt kor mykje som kan takast ut totalt. • det er ikkje angitt årleg uttak gjeve optimal marknadssituasjon (antya 25000 m³ lausmassar). <p>Føresegn 3.1 bør sei noko om dette.</p> <p>Landskap/landskapstilpassing/vegetasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje godt nok illustrasjonsmateriale eller skildring av tilbakeføring/framtidig terreng • Ikkje tilstrekkelige oppdaterte terrengdata for dagens situasjon. • Nedre kotehøgde for uttak bør angjevast. • Det er uklårt kva utforming vegetasjonsskjermen GV1 og 2 får. • Føresegn 5.1.1 er svært uklår. Hensikta med vegetasjonsskjermen som skildra i planomtalen og av DMF vert ikkje dekkja av føresegna. • Føresegn 2.6.2 om tilplanting av buskar og tre ved avslutting av masseuttaket er noko intetsigande. 	<ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje tilgjengelege terrengdata for kor mykje som er tatt ut av lokaliteten tidlegare. Ein har berekna attverande massar, dette er skildra i revidert kap. 7.3 • Det er gjort ei utrekning over kor mykje massar som potensielt kan takast ut totalt, dette er skildra i kap. 7.3.1. • Det er angitt årleg uttak i kapittel 6.2 for gjeldande situasjon og planframlegget i kapittel 7.3. <p>Ny § 3.1.7 stiller krav til maks uttak tilsvarande konsesjonen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • § 2.6 om vegetasjon er revidert. • I revidert kap. 7.3.1 i planskildringa er det vist illustrasjon av tilbakeføringa i 3D. Større bilete frå 3D-modellen ligg også som vedlegg til planen. Snitt som viser mogleg deponi og tilbakeføring til landbruk er også revidert. Vedlagd planforslaget er også eit landskapsplan. • Avgrensing av massetaket er sendt inn til kommunen jf. Krav om kartlegging i oppstartsmøtet. Gjeldande kartgrunnlag er vurdert som tilstrekkeleg. • Nedre kotehøgde er angjeve i revidert føresegn 3.1.5. • Kapittel om grønstruktur og vegetasjonsskjermer er no oppdatert i kapittel 7.3.3. • Føresegn 5.1.1 er revidert. • Føresegn 2.6 er revidert.
31	Stad		
32	Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> • Verknadene av masseuttaket for raudlisteartar/sårbar fauna i Borgovatnet er ikkje godt nok skildra/sikra (berre verknader for elvemusling og vasskvalitet er nemnt) • Hjortetrek/vilt i området er ikkje omtalt • Vurderinga etter naturmangfaldlova er upresis. <p>Kunnskapsgrunnlaget det visast til er ikkje lagt ved saka/planframlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kapittel 8.6 om verknadene for raudlisteartar/sårbar fauna er revidert. • Hjortetråkk/vilttråkk er skildra i kap. 6.6.2. • Kunnskapsgrunnlaget er lagt ved som vedlegg til planforslag. Kapittel 8.7 om vurderinga etter naturmangfaldlova er revidert.

33	Kulturminner	Skildra – ingen registreringar innanfor planområdet.	
34	Barn og unge	Friluftsområde og badeplass er nemnt, men verknadene av masseuttaket i høve støy, støv, trafikk ved desse stadene for barn og unge er ikkje tilstrekkelig utgreidd.	I planskildringa er kap. 8.9 er revidert.
	Ny situasjon		
	Konsekvensar av planframlegget tilstrekkeleg gjort greie for?	<ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensar for raudlisteartar/sårbar fauna i Borgovatnet er ikkje godt nok skildra (berre verknader for elvemusling og vasskvalitet er nemnt). Kunnskapsgrunnlaget og evt avbøtande tiltak må gjerast greie for. • Konsekvensar for landskap/fjernverknad/estetikk er ikkje godt nok skildra/illustrert. Det er ikkje tilstrekkelig føringar som sikrar god tilbakeføring av landskapet. 	<ul style="list-style-type: none"> • I planskildringa er kap. 8.6 er revidert. Kunnskapsgrunnlaget er lagt ved som vedlegg til planen. • Føresegn 2.6 er revidert. Planskildringa kap. 8.4 om verknader for landskap er revidert.
	KU	Ikkje aktuelt. Vurdering gjort. Omtale av biologisk mangfald i notat om konsekvensutgreiing må vidareførast til planskildringa jf merknad frå Fylkeskommunen.	Omtale av biologisk mangfald i notat er innarbeida i planskildringa kap. 6.6 om planområdet, og i kap. 8.6 og 8.7 om verknader av planforslaget.
	Risiko og sårbaranalyse		
36.	Trafikkulykker	Vurdert i ROS-skjema punkt 63, 64, 65. <ul style="list-style-type: none"> • At avkøyrsula er stramma opp skal forhindre ulykker. • Estimerte tal for forventa trafikk inn og ut av massetaket bør leggjast til grunn. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ok, endra. • Tal for trafikkmengde er lagt til grunn i revidert ROS-analyse. Kap.7.3.2 i planskildringa er revidert.
37.		ROS-analyse: <ul style="list-style-type: none"> • 30. Landskap, reduksjon av estetikk/verdi/identitet – vurdert som ikkje aktuelt pga eksisterande masseuttak • 82. Uheldig samlokalisering, rekreasjon – vurdert som ikkje aktuelt. Kva med badeplassen ved Borgovatnet og utfartsområde ved Stuttåsen (omtalt i planskildringa)? (Desse områda bør framstillast i kart i planskildringa.) • Avbøtande tiltak hending 1, 4, 8, 11, 12, 13 og 14. Kvar/korleis skal vatnet avledast? Ønska areal er ikkje markert i kart og tiltak (grøfter, stikkrenner) er berre sikra gjennom føresegn 2.8.3: «Det er ikkje tillate med utslepp av forureina vatn og aktivitetar som gjev tilslemming av vassdrag». 	<ul style="list-style-type: none"> • Ok. • Badeplassane ligg om lag 500 og 700 meter frå planområdet, og er godt skjerma. Dei er ikkje omfatta av støyulemper frå massetaket. Det vil ikkje gå føre seg knusing på varme sumardagar. Sjå elles kommentar 34. Badeplassane er vist med kart i planskildringa kap. 6.4. • Er sikra i revidert føresegn 3.1.2 i tillegg til 2.8.3. Det vert elles vist til vedlagte VA rammeplan. • Sikring av bratte skrentar: Føresegn 6.2 sikrar dette.

		<ul style="list-style-type: none"> • Avbøtande tiltak hending 6. Sikring av bratte skrentar/stup. Uklår føresegn. 	
--	--	--	--

ILLUSTRASJONAR

38	Hellingskart	Ikkje levert	Vurdert til å ikkje vere relevant.
39	Illustrasjonsplan	Ikkje levert	Det er utarbeidd terrengsnitt som viser dagens situasjon og tilbakeføringa til anten landbruksareal eller deponi, sjå vedlegg 05. Det er også utarbeidd landskapsplan, sjå vedlegg 14.
40	Terrengprofilar	Ikkje korrekte	Terreng frå FKB-grunnlag er nytta og viser korrekt snitt i høve dette grunnlaget.
41	Illustrasjonsplan	Det er ikkje godt nok illustrasjonsmateriale eller skildring av tilbakeføring/framtidig terreng	I revidert planforslag er det i kapittel 7.3.1 vist illustrasjon av tilbakeføringa i 3D. Snitt som viser mogleg deponi og tilbakeføring til landbruk eller deponi er også oppdatert. Det er også utarbeidd landskapsplan, sjå vedlegg 14.
42	Illustrasjonskart over skjeringar og fyllingar	Ikkje tilstrekkelig	Snitt på koter på mogleg opparbeida deponi etter tilbakeføring er revidert, sjå vedlegg 05.
43	3D / modell av framlegg	Kommunen ynskjer dette	Det er utarbeidd 3D-modell. Bileta er omtalt og vist til i planskildringa kap. 7.3.1, og bilete i større format er vedlagt, sjå vedlegg 13.
44	Tilbakeføring av terreng/landskap	Illustrasjonsmateriale: Snitta i planskildringa er ikkje korrekte og gjev ikkje ein god framstilling av framtidig landskap. Opphavleg terreng er ikkje tatt i betraktning.	Snitta i planskildringa er oppdatert og korrekte. Framstillinga av framtidig deponi er vist i 3D. Det er ikkje tilgjengelege data som syner opphavsleg terreng før uttak. Tilpassing til landskap etter avslutta drift er eit kompromiss mellom å ta omsyn til landskap og gi rom til mest mogleg massar. Det er utarbeidd eit landskapsplan som ligg vedlagt planen, sjå vedlegg 14.

ANNA

--	--	--	--

45	Gebyr	Må vere handsama før planen vert teken opp til handsaming. Be om stadfesting på fakturaadresse.	
46	Gebyr etter medgått tid.	Dersom plan skal ha planar til gjennomgang utanom undervegsmøte vil det bli fakturert	

		tiltakshavar for gebyr for medgått tid if gebyrreglement 7.1.4 . Gebyr for medgått tid har eit minstegebyr på 7200.- kr.	
--	--	--	--

OPPSUMMERING OG VIDARE VENTA FRAMDRIFT:

Konsulent avtaler med plan eit møte for å gå igjennom ferdig materiale. Møtet må **haldast 3 veker før konsulent leverer ferdig materiale**. Plan må få materiale til gjennomsyn minst 10 virkedagar før møtet. Plan må ha *ferdig* materiale seinast 4 veker før møte ein ønsker planen handsama i. Dersom det må skje endringar etter dette må planen handsamast i **neste møte**.